

Frå: Høgskulen i Volda <johann.roppen@hivolda.no>
Send: fredag 13. januar 2023 10:59
Til: Johann Roppen
Emne: Nyhendebevis frå Høgskulen i Volda nr. 2, 12. januar 2023




HØGSKULEN I VOLDA
Volda University College

Nyhendebevis nr. 2, 12. januar 2023

Nyhendebevis frå rektor til tilsette og studentar ved Høgskulen i Volda.

Redaktør: Rektor Johann Roppen, johann.roppen@hivolda.no.

[Tidlegare nyhendebevis og side for påmelding til nyhendebeviset.](#)



Internasjonal dag 2023 – onsdag 8. februar

Internasjonal dag er endeleg tilbake som ei fysisk hending med fargerike stands, song og musikk, interessante foredrag og eksotisk mat. Hovudgjest i år er Samuel Massie som er kjend frå Berserk-ekspedisjonen og programmet «Samuel og Bestefar». Han held eit ope foredrag i BK Store auditorium. Deretter vert det gratis, internasjonal lunsj i kantina.

LES MEIR



Søkarane på dekanstillingane

Det har meldt seg 8 søkarar på dekanstillinga på Avdeling for humanistiske fag og lærarutdanning og 4 søkarar på dekanstillinga på Avdeling for kulturfag. Namna på søkarane står lenger nede i nyhendebeviset. På Avdeling for samfunnsfag og historie (ASH) har det ikkje meldt seg nokon søkar og søknadsfristen blir difor forlenga.

LES MEIR

Studium og studentliv

Møt studentorganisasjonane 16.-19. januar

Komande veke vil mange av studentorganisasjonane stille med stand og informere om sine aktivitetar og rekruttere nye medlemmer og tillitsvalde. Her er eit [oversyn over dei mange studentlaga- og organisasjonane](#) ved Høgskulen i Volda. [Les meir på nettsidene våre.](#)

Studentparlamentet inviterer til allmøte for tillitsvalde 17. januar

Studentparlamentet inviterer til første allmøte 2023 for alle tillitsvalde studentar på studieprogramma. Møtet blir halde på SAA225 (Sivert Aarflot-huset) 17. januar kl 16.00. På agendaen står erfaringsutveksling, besøk av velferdsgruppa, studiemiljø og studentfrivilligheit. Det blir også servering av pastasalat og focaccia. [Les meir på nettsidene våre.](#)

Internasjonal dag: 22 gjestar frå partneruniversitet i 9 land

På [internasjonal dag 8. februar ved Høgskulen i Volda](#) kjem det 22 internasjonale gjestar frå partneruniversitet i Tyskland, Belgia, Hellas, Storbritannia, Nederland, Frankrike, Polen, USA og India. Høgskulen i Volda har over 100 samarbeidsavtalar med internasjonale høgskular og universitet. [Her er oversyn over alle våre partneruniversitet.](#)

Menyen i kantina neste veke

Måndag: Vegetarlasagne med salat og brød
Tysdag: Fiskegrateng med råkostsalat og poteter
Onsdag: Kyllingfajitas med ris og salat
Torsdag: Potetball med tilbehør
Fredag: Tacobuffé

Fag og forskning

Avdeling for mediefag skal arrangere Norsk medieforskarkonferanse 2024

Norsk medieforskarkonferanse blir arrangert av Norsk medieforskarlag og blir arrangert annakvart år. No har medieforskarlaget spurt Avdeling for mediefag om å arrangere konferansen i 2024, og avdelinga har svara ja. Konferansen samlar ca. 150 deltakarar og blir truleg arrangert i Ålesund.

Styre og stell

AHL: 8 Søkarar på dekanstillinga

Det har meldt seg 8 søkarar på stillinga som dekan ved Avdeling for humanistiske fag og lærarutdanning. Dekanane blir truleg tilsette på styremøte 9. mars. Dei 8 søkarane er (i alfabetisk rekkefølge):

Kari Leikanger Buset (61) Ørsta
Henriette Hafsaas (45) Volda
Jarl Hagen (65) Vesterøy
Kawa Hessno (44) Nittedal
Erlend Krumsvik (52) Volda
Silje Ims Lied (48) Volda
Ingrid Steinshamn (38) Ålesund
Jon Are Steen (51) Rektor

AKF: 4 søkarar på dekanstillinga

Det har meldt seg fire søkarar på stillinga som dekan ved Avdeling for kulturfag. Dei fire er (i alfabetisk rekkefølge):

Britt Folkestad Berentzen (41) Irland
Unni Hagen (67) Volda
Jon Are Steen (51) Stryn
Bjørnar Sæterås (49) Volda

ASH: Ingen søkarar på dekanstillinga - søknadsfristen utsett til 23. januar

Då søknadsfristen hadde gått ut hadde det ikkje meldt seg nokon søkar til dekanstillinga på Avdeling for samfunnsfag og historie (ASH). Søknadsfristen vart dermed utsett til 23. januar 2022. [Her er stillingsutlysinga.](#)

Universitetsakkreditering: Ekspertgruppe foreslår endra krav

Regjeringa sette i mai 2022 ned ei ekspertgruppe som skulle vurdere krava for akkreditering til universitet. [No har gruppa kome med sin rapport og dei foreslår å endre på krava for universitetsakkreditering.](#) Det bør ikkje lenger stillast krav om 4 doktorgradsstudium, og fellesgrader skal også kunne bli rekna med i det samla doktorgradstilbodet. Men det blir framleis stilt krav om storleik på miljøet som gir doktorgradsutdanning, og at universitet skal gi doktorgradsutdanning på vesentlege delar av sine fagområde. Framlegget skal no på høyring. Kunnskapsminister Ola Borten Moe sa på den årlege [Kontaktkonferansen med høgskule- og universitetssektoren](#) 10. januar at han såg føre seg rask behandling av denne saka.

HVO Bedriftsidrettslag: Inviterer til Padel-tennis-serie

Det nystarta bedriftsidrettslaget på Høgskulen i Volda inviterer tilsette til å bli med på padel-tennis-serie i Voldahallen. Serien startar torsdag 26. januar (veke 4) kl 19.00. HVO-tilsette som har lyst til å vere med melder seg på som lag. Eitt lag kan ha inntil 6 spelarar, men det blir spela kampar 2 mot 2 og kampane varer i 60 minutt. Prisen for

lag samansett av HVO-tilsette er kr 2.900,- og serien varer fram til 23. april. Tilbodet startar på torsdagar, men det vil i tillegg bli mogleg å spele ein dag til i veka. Påmeldingsfristen er 16. januar. [Les meir om tilbodet og meld på lag på nettsidene til Bedriftsidretten i Midt-Noreg.](#)

Engelske namn på avdelingar og institutt på Høgskulen i Volda

Avdelingane og fellesadministrasjonen på Høgskulen i Volda har kome med framlegg til namn på einingane, og direktør og rektor har stadfesta namna slik at dei frå no av er offisielle og vil bli brukte der det trengst engelske namn. Hovudprinsippet er at Avdelingar blir kalla Faculty og institutt blir kalla Department og det administrative namnet står først. Her er dei engelske namna:

Faculty of Social Science and History

Faculty Administration
Department of Social Work
Department of History
Department of Planning, Administration and Social Science

Faculty of Media and Journalism

Faculty Administration
Department of Journalism
Department of Communication,
Department of Film and Animation

Faculty of Arts and Physical Education

Faculty Administration
Department of Design, Arts and Crafts
Department of Physical Education
Department of Music
Department of Theatre
SEANSE - Center for Art Production

Faculty of Humanities and Education

Faculty Administration
Department of Education
Department of Science and Mathematics
Department of Religious Studies
Department of Digital Literacy
The National Centre for Education in Norwegian Nynorsk
[Department of Language and Literature](#)
- English Section
- Section for Norwegian in Teacher Training
- Ivar Aasen Section for Language, Literature and Culture

Nytt om namn

Vi vil gjerne sjå deg: Legg inn bilde på nettsida di på www.hivolda.no

Det er mange tilsette som har teke til i stilling på HVO no i haust. Alle tilsette får automatisk ei personleg side på www.hivolda.no. Alle tilsette blir med dette oppmoda til å legge inn bilde av seg sjølv på den personlege sida, så blir det lettare å bli kjent med mange nye ansikt. [Her er rettleiing til korleis ein skal oppdatere si personlege side](#).

Nytt om tilsette

[Tom Arild Hamre](#) har teke til i vikariat som førstekonsulent i studieadministrasjonen.

Karoline Steinsland Sætre har fått fast stilling som rådgjevar økonomi i fellesadministrasjonen

[Borghild Aasebøstøl](#) har fått fast stilling som høgskulelektor på institutt for teater

[Ann Karete Breivik](#) skal i første halvår 2023 ha delt stilling mellom Økonomi og AKF.

[Synnøve Amdam](#) har fått fagleg opprykk til førsteamanuensis i pedagogikk

[Ingjerd Arnøy](#) har vorte engasjert som høgskulelektor

[Stig Helset](#) har fått opprykk til professor i norsk

[Stella Mililli](#) engasjert som høgskulelektor på engelsk

[Leif Bjørn Skorpen](#) har fått fagleg opprykk til dosent i matematikdidaktikk

[Dalana-Michelle Storebø](#) har fått fast stilling som rådgjevar på AHL.

[Ivar John Erdal](#) har fått opprykk til professor i medievitskap

[Kishore Gajendra](#) har teke til i stilling som stipendiat på avdeling for mediefag

[Elisabeth Busengdal](#) har teke til i vikariat som førstelektor

[Tone Aker](#) sitt engasjement som forskar har vorte flytta frå AMF til ASH

Publisering og formidling

Det er veldig kjekt å melde om nye publiseringar og formidling i nyhendebrevet, så send meg gjerne informasjon om ei bok, ein tidsskriftartikkel, ein kronikk eller anna du har fått publisert, og skriv gjerne også ei setning eller to om kva publiseringa handlar om. [Hugs også på å registrere publiseringane dine i Cristin](#).

Legg også ved lenke til publiseringa di.

Registrering av faglege arbeid i Cristin-systemet: Fristen er 16. januar

Fristen for å [registrere faglege arbeid i 2022 i Cristin-systemet](#) er 16. januar 2023. Ta eventuelt kontakt med [rådgivar Bente Gunn Lien](#) om du ikkje har tilgang til Cristin eller treng anna hjelp.

Kari Bachmann har publisert i Frontiers in psychology

[Professor Kari Bachmann](#), AHL, er medforfatter på artikkelen "[The relative age effect shifts students' choice of educational track even within a school system promoting equal opportunities](#)" som har vorte publisert i tidsskriftet Frontiers in Psychology (Section Educational Psychology). Artikkelen er skrevet i samarbeid med Geir Oterhals (HiM), Annette Hessen Bjerke (OsloMet) og Arve Vorland Pedersen (NTNU).

Kristin Røvik har publisert i Vernepleier.no.

Stipendiat Kristin Røvik har publisert ein artikkel i Vernepleier.no: "[Hvem avgjør deltakelse i forskningen? Inkludering av sårbare og utsatte grupper i forskning](#)".

Artikkelen startar slik: «Inkludering av sårbare og utsatte grupper i forskningen er noe man som ansvarlig forsker skal ha et bevisst forhold til gjennom hele prosessen; fra planleggingsfasen til rapportering og publisering (Forskningsetikk.no). Men hva skjer når tjenesteytere og andre opptrer som portvoktere for hvem som skal få slippe til? Og hvordan stiller dette seg i etisk perspektiv?»

Ledige stillingar

[Sjå alle ledige stillingar på nettsidene våre.](#)

[Dekan: Avdeling for samfunnsfag og historie - søknadsfrist 22.1.2023](#)

[Førsteamanuensis/førstelektor/høgskulelektor i pedagogikk/spesialpedagogikk - søknadsfrist 12.1.2023](#)

[Stipendiatstilling i samfunnsplanlegging - søknadsfrist 15.1.2023](#)

[Førsteamanuensis/førstelektor/høgskulelektor i engelsk litteratur/kultur og didaktikk \(fast stilling\) - søknadsfrist 16.1.2023](#)

[Førsteamanuensis/førstelektor/høgskulelektor i engelsk språkdiraktikk \(mellombels stilling\) – søknadsfrist 16.1.2023](#)

[Sivolda: Driftsleiar - søknadsfrist 24.1.2023](#)

[Førsteamanuensis/Førstelektor/Høgskulelektor i medieproduksjon - søknadsfrist 1.2.2023](#)

[Førsteamanuensis/førstelektor/ høgskulelektor i norsk/norskdiraktikk språklege emne - søknadsfrist 1.2.2023](#)

[Førsteamanuensis/førstelektor i norsk/norskdiraktikk/norsk som andrespråk - søknadsfrist 1.2.2023](#)

Møte, seminar og anna på HVO:

[Oversyn over møte og sakspapir til sentrale råd og utval ved HVO.](#)

Faglege og sosiale arrangement og hendingar på og ved HVO:

Våren 2023:

- 12.-13.1.2023: GLU-seminar, Loen
- 20.1.2023: Høgskuleforum ("Forum for det utvida høgskuleområdet"), HVO
- 27.1.2023: [Fagdag, geriatri](#), BK Store auditorium
- 3.2.2023: Disputas Ingeborg Berg Skogen, Høgskulen i Volda
- 8.2.2023: [Internasjonal dag 2023](#)
- 10.-25.2.2023: [Studentveka 2023](#), Rokken
- 10.2.2023: Premiere, studentrevyen 2023
- 22.2.2023: [Seminar om opplæring i norsk for internasjonale tilsette](#), BK Vesle aud
- 9.3.2023: [Høgskulestyret](#)
- 16.-17.3.2023: ASH Avdelingsseminar
- 23.-24.3.2023: [Skuleleiarkonferansen](#), Molde
- 20.-23.4.2023: [X2-festivalen](#)
- 11.-12.4.2023: AKF Avdelingsseminar
- 3.-4.5.2023: Styreseminar og [møte i høgskulestyret](#)
- 25.-26.5.2023: [NOA - Nasjonal konferanse om norsk som andrespråk](#), HVO
- 15.6.2023: [Høgskulestyret](#) (siste i styreperioden)
- 20.-21.6.2022: [Fjordkonferansen](#), Loen

Hausten 2023:

- 1.8.2023: Ny fireårsperiode for styre, rektorat og 3 dekanar
- 15.8.2023: [Studiestart studieåret 2023-2024](#)
- [Sunnmøre Kammemusikkfestival](#)
- 7.9.2023: [Høgskulestyret](#)
- [Animation Volda](#)
- 26.-27.10.2023: [Høgskulestyret \(seminar og styremøte\)](#)
- 7.12.2023: [Høgskulestyret](#)

Faste lenker:

LEDIGE STILLINGAR VED HØGSKULEN I VOLDA

<https://www.hivolda.no/stilling>

REKTORBLOGGEN

[Alle innlegga på rektorbloggen](#)

HVO PÅ SOSIALE MEDIA MM.

[Finn-ein-forskar-på-HVO](#)

[Tiktok](#)

[Facebook](#)

[Twitter](#)

[Instagram](#)

[Youtube](#)

[HVO-blogger](#)

[Nynorsksenterets blogg.](#)

[Løpande oppdatering av straumproduksjonen i solcelleanlegget](#)

[Offentleg journal \(postliste\)](#)

STUDENT- OG ØVINGSMEDIA:

[Knaggen](#) (portal for studentmedia)

[Studentradioen](#)

[StudentTV](#) - Sjå også [Youtube-kanalen](#)

[Radio Volda](#)

[Nærsynet](#)

[Nærnett](#)

Høgskulen i Volda

Tlf: [70075000](tel:70075000)

E-post: postmottak@hivolda.no

[Personvern](#)



[Endre kontaktinfo](#)

[Meld deg av e-postlista](#)